



**Landbrukskontoret**  
i Lillehammer-regionen  
2651 Østre Gausdal

Det Kongelige Landbruks- og Matdepartement  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 0215	Doknr.: 79
Mottatt: 5 OKT 2005	ASK/ASKL
Saksbeh.: IEL	Ark.: 482
Kopi:	Avskr.:

ØSTRE GAUSDAL, 03.10.2005

Arkivkode  
V70 &13

Vår ref. (oppgis ved svar)  
05/01332-002

Deres ref.

## **UTTALE OM FRAMLEGG TIL FORSKRIFT I MEDHALD AV SKOGBRUKSLOVA OM BEREKRAFTIG SKOGBRUK**

### **Dokument ein viser til**

- Rundskriv av 6. juli i år frå Landbruks- og Matdepartementet
- Framlegg til forskrift om berekraftig skogbruk

### **Samandrag**

Landbruks- og Matdepartementet har sendt på høyring eit framlegg til ny forskrift om berekraftig skogbruk, i medhald av den nye skogbrukslova. Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen går inn for at det blir ei slik forskrift, men har nokre få merknader, mellom anna når det gjeld reglar for hogstføring og krava til forynging av skog.

### **Bakgrunn**

Landbruks- og Matdepartementet legg til grunn at det må vera eit offentleg ansvar å gje skognæringa klare rammer for miljøomsyna i verksemda. Skogeigarane sitt miljøansvar er formulert i §1, første leddet, i skogbrukslova, men departementet ønskjer at dette miljøansvaret også skal gå fram av ein utfyllande forskrift. Reglane i denne forskriften vil og vera eit sikringsnett dersom den private sertifiseringsordninga ut frå Levande Skog skulle bli svekka i høve til i dag. Det er ein klar føresetnad at ein miljøforskrift i medhald av skogbrukslova ikke skal føre med seg nye krav til skogeigarar som aktivt følgjer opp skognæringa sitt arbeid med miljøomsyn og miljøsertifisering.

Forskriften skal og legge vekt på skogeigaren sitt ansvar for å få opp ny skog etter hogst. Dette ansvaret er det lagt auka vekt på i den nye skogbrukslova. Departementet gjer framlegg om eit minste plantetal pr dekar på ulike bonitetar før skogbruksstyresmaktene skal kunne gje skogkulturpålegg.

Til slutt nemner departementet at forskriften om skade på skog (skoghygieneforskriften) bør leggast inn i den nye miljøforskriften.

## Vurdering

Sett frå skogoppsynet, skogstyresmaktene, sin synsstad er det truleg rett at det blir utarbeidd ein miljøforskrift. Det lange perspektivet ein må ha på verksemda i skogbruket har i dei fleste land gjort det naudsynt med ei viss offentlig styring av skogbruket. Ein kan ikkje vente at alle einskilde eigarar av skog til kvar tid skal ha det langsiktige perspektivet klart for seg. Før var omsynet til uthaldande produksjon av skogsvirke det sentrale. I vår tid er miljøomsyn kome meir i fokus. Det gjeld varetaking av biologisk mangfald, og av område til rekreasjon for folk i byer og tettstader. I dag har det blitt slik at næringa sine eigne tiltak mot skogeigarar som ikkje retter seg etter Levande Skog sin miljøkrav er strengare enn dei tiltaka skogstyresmaktene kan kome med der forynging av skogen blir forsømt. Framlegget til miljøskrift retter opp dette til ein viss grad, ved å stille opp klare krav til kvaliteten på forynginga og kor snart denne skal vera på plass. Slik utviklinga går, der skogen jamt kjem til å ha mindre å seie enn før for familieinntekta til skogeigarane, bør ein ta høgde for at ein del ikkje alltid vil vera fullt motiverte for å bruke av driftsnettoen for å få opp att ny skog etter hogst. Skal det framover kunne drivast skogbruk her i landet, er nok naudsynt at styresmaktene seier klart frå kva ansvar ein skogeigar har både med å ta omsyn til miljøet og med å sjå til at skogen er i god vekst.

Derfor er det rett at ein forskrift om berekraftig skogbruk og har med krav til forynging/fornyng av skogen. Desse krava finn ein i paragraf 3-3 i framlegget til forskrift. Her er det skilt mellom "tilrådd" plantetal pr dekar, og "minste lovlege" plantetal pr dekar. Ein har delt skogen i tre kategoriar der "høg" er G26-20 og F20-17, "middels" er G17-14 og F14-11, medan "låg" er G11-6 og F8-6. Det "minste lovlege" plantetalet er sett til 150 for høg bonitet, 100 for middels, og 50 for låg. Desse tala ligg langt under det ein til vanleg reknar for tenlege plantetal på dei bonitetane det gjeld, og er meint som ei nedre grense som skal kunne utløyse krav om foryngingstiltak frå kommunen. Det er grunn til å ottast at ein del skogeigarar vil legge seg på eit slikt nivå for plantetal og dette vil under våre tilhøve i Lillehammer-regionen gje redusert utnytting av den tilveksten ein kunne ha fått i skogen. Tabellen for plantetal viser tilrådde plantetal for dei før nemnde bonitetane. Desse plantetala er det grunn til å tru vil gje mykje betre utnytting av produksjonsevna i skogen enn det minste lovlege plantetalet. Først med dei tilrådde plantetala kan ein seie det blir drive eit berekraftig skogbruk. Derfor bør tilrådd plantetal pr dekar vera ein føresetnad for å få dekt planteutgifter med skogavgift med skattefordel.

Framlegget til forskrift har med dei mest sentrale reglane frå Levande Skog sine standarder for hogstføring og for gjennomføring av skogsdrift, i noko enklare form. Dette er stort sett greit, men det som står om kantsoner er i minste laget. Men tre formuleringar krev serkilt kommentar.

I paragraf 2, femte avsnittet er teksten slik:

"Hogstar skal tilpassast landskapet. Der forholda biologisk, økonomisk og teknisk ligg til rette for det skal det brukast lukka hogstar. Føresetnaden er at ein kan oppnå god stabilitet for attståande tre, og hogstforma gir grunnlag for tilfredsstillande forynging på veksestaden."

Slik tilhøva nå er i det norske skogbruket, og med den måten skogen har vore drive dei siste to mannsaldrane, er det uheldig å nytte ordet "skal" i samband med lukka hogstar. Det har vore satsa på mest mogeleg einsaldra bestand, med lågtytning eller inga tytning. Slik skog er det best å forynge med snauhogst og planting. Skal ein kunne forynge skogen med lukka hogstar, må han ha vore stelt med tanke på det i tiåra før, noko det ikkje har vore serleg mykje av i skogbruket vårt. Teksten ovafor kan dessverre føre til at lukka hogstar heretter blir nytta under tilhøve der metoden er ueigna. Teksten bør derfor heller vera slik:

"Hogstar skal tilpassast dei biologiske, økonomiske, tekniske og landskapsmessige tilhøva så attståande tre får god stabilitet og det blir tilfredsstillande forynging på veksestaden.. Der tilhøva ligg til rette for det, kan lukka hogstar nyttast."

I paragraf 2, niande avsnittet, er teksten slik:

" Bruk av utanlandske treslag kan berre skje etter godkjenning av kommunen. Ved avgjerda skal kommunen leggje vekt på å unngå uønska spreing av slike treslag".

Her er det ei setning for mykje. Den første setninga gjer nytta. Den andre setninga er for negativ i forhold til utanlandske treslag og dessuten unødvendig. Kommunane bør sjølve få vurdere om visse utanlandske treslag skal vera uønska eller ikkje. Vi har ingen kjende døme på at utanlandske treslag har ført til varig og uboteleg skade på skogmiljøet her i landet.

I paragraf 3, siste avsnitt, siste setning, er teksten slik:

" Kommunen kan berre gje pålegg om å forynge med treslag som naturleg høyrer heime i området".

Denne setninga er og unødig restriktiv i høve til utanlandske treslag. Skal det gjevast pålegg om forynging hos ein skogeigar, vil kommunen sjølv sagt måtte vurdere saka sers nøye og knapt våge å ta sjansar med omsyn til val av treslag. Men dersom ein har gode røymsler med eit utanlandsk treslag i området, er det fagleg feil å sjå bort frå dette når ein skal velja treslag. Derfor bør heile setninga om "treslag som naturleg høyrer heime i området" sløyfast. Framlegget til forskrift er jamt over noko for tvilande til utanlandske treslag. Formuleringa ovanfor kan for øvrig i ytterste konsekvens nyttast som påskot for å nekte planting av norsk gran i delar av vestlandsfylka og nord for Saltfjellet.

Som følge av herjingane til granbarkbillene for om lag ein mannsalder sidan fekk vi ein forskrift om skoghygiene (skade på skog). Departementet gjer nå framlegg om å la denne bli ein del av forskriften om berekraftig skogbruk. Det er ein god ide, mellom anna fordi talet på forskrifter dermed ikkje aukar. Billeåtaka har ein elles nå bra kontroll med, mykje på grunn av forskriften, men og på grunn av den maskintekniske utviklinga på skogsdriftsida. Derfor er det kan hende ikkje bruk for ein eigen forskrift om dette lenger. Men reglane om rett handtering av skogsvirke i høve til biller og andre skadegjerarar høyrer naturleg heime i ein forskrift om berekraftig skogbruk. Har ein brukt tre mannsaldrar på å få fram ein verdfull virkesressurs, bør

ein ikkje la denne tape verdi og i tillegg skade annan skog på grunn av uvettig virkes-handtering hogståret..

### **Tilråding**

Det er på sin plass med ein forskrift i medhald av skogbrukslova om berekraftig skogbruk. Denne forskriften bør ikkje føre med seg nye krav til skogbrukarar som held seg til Levande Skog standardane. Teksten i forskriften bør bli meir presis når det gjeld kantsoner og skrivast om når det gjeld lukka hogster. Teksten er og meir negativ enn godt er til utanlandske treslag i norsk skogbruk. Det er ein god ide å la nåverande forskrift om skade på skog gå inn i den nye forskriften om berekraftig skogbruk.

Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen rår til at det blir vedteke ei forskrift om berekraftig skogbruk i medhald av skogbrukslova. Når det gjeld landbrukskontoret sine merknader til detaljar i framlegget til forskrift syner ein til saksutgreinga og konklusjonen.

Østre Gausdal den 4. oktober 2005



Sjur Haanshus  
enhetsleiar



Arne Edsberg  
skogbruksrådgjevar

: